

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
105/2015	Formannskapet i Radøy	PS	17.12.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	15/349	15/12420

Tilskot til korpsbok for Nordhordland

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Comino forlag søkjer Radøy kommune om kr 25 000 kroner i 2016 og kr 25 000 kroner i 2017 til støtte til bokuttgjeving om korpsrørsla i Nordhordland. Forfattar er Fredrik Schmidt Fotland, som også er grundaren bak forlaget.

Boka skal handla om framveksten av korpsmiljøet i Nordhordland. I tillegg til å skildra korpsa og korpsmiljøet generelt vil boka mellom anna trekkja fram viktige einskildpersonar og betydninga til Manger folkehøgskule.

Boka er tenkt finansiert mellom anna gjennom kommunale tilskot, tilskot frå Hordaland fylkeskommune, eigeninnsats og gjennom tilskot frå private verksemder. Det er ikkje sett opp salsinntekter i finansieringsplanen, men det er stipulert at salsinntekter vil verta kring to millionar kroner. Alle inntekter frå salet skal gå til drift og utvikling av det lokale korpslivet ved at korpsa får selja bøkene på dugnad mot å behalda alle inntektene sjølve.

Radøy musikkråd har hatt søknaden til uttale og rår til at det ikkje vert gjeve støtte til dette bokprosjektet.

Vurdering

Korpsmiljøet i Nordhordland er unikt både nasjonalt og internasjonalt, både når det gjeld kvalitet og breidde. Saman med Lindås kommune, er Radøy blant dei framste korpskommunane i landet med tre vaksenkorps, tre skulekorps og i tillegg Manger folkehøgskule med landets einaste brass band-linje. Ei bok om dette korpsmiljøet i Nordhordland vil utan tvil vera interessant.

Av omsyn til den økonomiske situasjonen til kommunen er rådmannen likevel skeptisk til at kommunen skal støtta eit prosjekt initiert av eit privat forlag. Rådmannen er samd i Radøy musikkråd si vurdering av at kommunen bør prioritera støtte til lag og organisasjonar i kommunen framfor private aktørar utanfor kommunen.

I søknaden er salsinntektene for boka stipulert til 2 000 000 kroner. Jamvel om boka vert seld i kommisjon hjå bokhandlarar, vil stipulerte salsinntekter meir enn dekkja utgiftene til boka. Rådmannen håpar og trur at boka har gode moglegheiter for å verta realisert uavhengig av støtte frå kommunen.

Konklusjon

Radøy kommune har lite midlar til fordeling innanfor kultursektoren. Kommunen bør difor prioritera lag og organisasjonar i tildelinga av midlar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Comino forlag får avslag på søknad om støtte til bok om korpsmiljøet i Nordhordland.

Formannskapet i Radøy - 105/2015

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

FS - vedtak:

Comino forlag får avslag på søknad om støtte til bok om korpsmiljøet i Nordhordland.

Vedlegg:

Søknad om prosjektstøtte - Korpsbok Nordhordland

Prosjektplan

Uttale frå Radøy musikkråd